



Statens vegvesen

Direktoratet for mineralforvaltning med
Bergmesteren for Svalbard
Postboks 3021 Lade
7441 Trondheim

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
16/79192-17

Dykkar referanse:

Vår dato:
16.11.2018

Svar på høyring av søknad om driftskonsesjon for Eikefet (Husafjellet) – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 09.11.2018 med framlegg til søknad om driftskonsesjon for gnr. 220, bnr. 9 Eikefet (Husafjellet) i Lindås kommune.

Direktoratet for mineralforvaltning har etter digitalisering av området det er søkt om masseuttak for er på ca. 24 daa. Det samla uttaket for heile mineralførekomsten i Husafjellet er i følgje tiltakshavaren ca. 2 800 000 m³. det er planlagt eit årleg uttak på 46 300 m³.

Området er i reguleringsplan for «Eikefet og Urdal råstoffutvinning og industriområde», planID 1263-201107, vedteken i kommunestyret den 13.september 2012, regulert til råstoffutvinning. Denne reguleringsplanen er no under revisjon og nye reguleringsføresegner er forsøkt hensyntatt så langt ein har oversikt.

Statens vegvesen har kome med innspel til revisjon av reguleringsplanen for «Eikefet og Urdal råstoffutvinning og industriområde» og det er utarbeidd reguleringsføresegner som skal ivareta drift, vedlikehald og tryggleik både i forhold til eksisterande E39 og seinare ny E39 gjennom reguleringsplanområdet.

Statens vegvesen set som ein føresetnad at drift av uttak av steinmasser på gnr. 220, bnr. 9 vart gjort i samsvar med føresetnadane i vedtekne reguleringsføresegner for reguleringsplan for «Eikefet og Urdal råstoffutvinning og industriområde».

Vi gjer merksam på at i kartgrunnlaget er det lagt inn feil trase for regulert ny E39. Dette har vi tidlegare gjeve tilbakemelding om i vårt brev av 15.11.2017 i samband med uttale til revisjon av reguleringsplanen for «Eikefet og Urdal råstoffutvinning og industriområde». Vi føreset at dette vert retta opp.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Med dette som bakkgrunn har Statens vegvesen ikkje vesentlege merknader til søknaden om driftskonsesjon for Eikefet (Husafjellet) i Lindås kommune.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ